

Der både troen og kaffen gror	4
Fire familier jaget fra landsbyen	10
Fredelig aktivist ble terrordømt	12



Hun kritiserte Putins krig med bibelverset «Salige er de som skaper fred». Arrestasjon, fotlenke, bøter, overvåkning og trussel om fengsel slet Anna Chagina ut. Hun rømte landet og protesterer nå fra eksil. Side 14-17

Kirken på Anafora i
Egypt. Foto: Pål Brenne

Tre ark i Egypt



BRODER MICHAEL LA **ET HVITT ARK** PÅ GULVET. «Dere har merket støvet her i Egypt. Gatene i Kairo er fulle av det, og langs veiene sørover kjenner dere sandstøvet fra ørkenen. Lar jeg dette arket ligge én dag, dekket det av støv.»

Han smilte, men alvorret var tydelig:

«Dette er et bilde. Hver dag trenger vi å speile oss i Jesus Kristus, be om tilgivelse og la ham gjøre arket vårt hvitt igjen. Vi gir så lett etter. Men mennesker av en annen tro ser ikke Jesus først – de ser oss. Derfor må vi fordype oss i Guds kjærlighet og ord daglig. Utfordringene deres i Norge er andre enn våre. Når jeg besøker Norge, må jeg be Gud om styrke til å dra. Det er så vakkert, rikt og rent! Men også dere trenger å speile dere i Jesus for å holde arket hvitt.»

HAN LA **EN PENGESEDDEL** PÅ GULVET. «Dette lille arket kan brukes til å gjøre godt – eller bli en avgud som tar Guds plass. Det gjelder fattig og rik.»

” Også dere trenger å speile dere i Jesus for å holde arket hvitt.

Broder Michaels hilsen til Norge.

TIL SLUTT TOK HAN FRAM **ET IDENTITETSKORT** OG SA: «Dette kortet må jeg alltid bære her i Egypt. Det viser at jeg er kristen. Vi diskrimineres systematisk fordi flertallet mener vi har gal religion. Kortet plasserer oss bakerst i jobbøen. Hvis pengeseddelen styrte mitt liv, ville jeg

for lengst ha endret ID-kortet. Det presset lever alle kristne med. Men mange drives til et fornyet møte med Bibelen. Der leser vi at lidelse og forfølgelse følger den som tror. Og vi erfarer lidelsens velsignelser. Det er en dyp sammenheng mellom lidelse og velsignelse.»

BRODER MICHAEL LOT **PENGESEDDELEN** LIGGE, MEN HOLDT **ARKET** OG **ID-KORTET** OPP. «Derfor klynger vi oss til det som står i våre identitetskort, og søker Guds ledelse her i Egypt. Vi ber Jesus om å holde våre ark rene – han som kom for å dø på et kors og gjøre våre synder hvite som snø.»

Den evangeliske lederen som egentlig har et annet navn, fikk jeg være sammen med på en reise til Egypt for noen år siden. Etter disse ordene ba han en sterk bønn for oss i Norge. Den bærer jeg fortsatt med meg i hjertet. ■



Vidar Mæland Bakke er sokneprest i Gand menighet i Sandnes og medlem av representantskapet i Stefanus-alliansen.

TEKST: VIDAR MÆLAND BAKKE

Utgiver:

Stefanusalliansen

Adresse:Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no

Telefon:

23 40 88 00

Ansv. redaktør:Johannes Morken
jm@stefanus.no**Redaksjon:**Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Kristine Tveit Jordet**Forsidefoto:**Alexander Gaidalym,
Vilnius**Design:**

Von: Bendik Schøien

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri

Opplag:

17 100

Gavekonto:

3000 14 57922

VIPPS:

19013



sammen for de forfulgte

Stefanusalliansen er en
misjons- og menneske-
rettsorganisasjon med
et særskilt fokus på
trofrihet.

Synspunkter i artikler
står for forfatteres og
intervjuobjektets regning.
Stefanusalliansens
meninger kommer til
uttrykk i artikler skrevet av
stabten.

Vi følger person-
opplysningsloven.

**Magasinet kommer
gratis sju ganger i året.**

Bestill med SMS:
MAGASIN til 1901 eller
post@stefanus.no

Tilgjengelig som
podkast. Kontakt
KABB:

kabb@kabb.no

www.stefanus.no

f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

Fred – eit farleg ord

■ **Eg sit med boka** «Ufred», Åsne Seierstads
meisterverk om Russland frå innsida (Cappelen
Damm). På lange reiser har ho møtt regimetru
og likesæle – og nokre som med stor risiko
kjempar imot både krigen og regimet.

Ei av historiene som gjer meg oppskaka,
er forteljinga til Maria. Ho og Ivan gifta seg
i 2012. Dei ville ha mange barn. Men det
skulle ta åtte år og mange mislukka forsøk
før dei fekk Lilja sommaren 2021. Då kunne
framtida for ein familie starta. Men akkurat
då publiserte Vladimir Putin essayet sitt om at
Russland og Ukraina er eitt.

Utfordra Putin

Då Putin starta det fullskala angrepet mot
nabofolket 24. februar 2022, var Lilja sju
månader. Då ho var 14, kom mobiliseringa.
Ivan, som frå starten hadde meint at krigen
ikkje gjaldt han, melde seg til hæren – han
tenkte at landet trengte ein sjukepleiar. Maria,
som hadde fordømt invasjonen, trygla han om
ikkje å melda seg. Men han reiste.

Maria blei med i ei rørsle av soldatkoner
som ville ha mennene heim. I motstanden
mot krigen utfordra ho også Putins forbod
mot å «diskreditere hæren».

Ei tid var soldatkonene urørlege.

Psykisk øydelagt

Ivan måtte ta seg av soldatar som blødde i hel.
Han måtte opna svarte sekker med uidentifi-
serte lik. Ein lastebil kom med eit lass døde
som hadde ligge ute i månadsvis. Då Ivan til
slutt kom heim, var han psykisk øydelagt. Han

hamna på psykiatrisk sengepost i
februar 2024.

Soldatkona Maria var ikkje
lenger urørleg. Tre menn frå
påtalemakta kom med ei åtvaring.
Og så: Den siste fredagen i mai
2025 vart Maria oppført på ei liste
frå Justisdepartementet, lista over
«utanlandske agentar».

Den dagen Lilja fylte 4 år, fekk
Maria brev frå arbeidsgjevaren: Ho
var oppsagt. Den unge mora som
ville tena landet sitt som barnelege,
var bannlyst.

Sæle er dei som skaper fred

Eit svært leseverdig kapittel hos
Seierstad, om undertrykkinga av den
uavhengige avisa Novaja Gazeta,
har overskrifta: «De har ikke forbudt
ordet fred». På eitt vis har Putin
ikkje forbode ordet, men likevel kan
ordet vera farleg.

I denne utgåva av Magasinet
Stefanus kan du lesa Anna Chaginas
historie. Ho er kristen muskar frå
Tomsk i Sibir. Den 6. mars 2022 vart
ho teken av politiet fordi ho i ein
demonstrasjon bar ein plakat med
Jesu ord: «Sæle er dei som skaper
fred».

Ho er ei av få som har våga å visa
motstand på kristent grunnlag. Ho
har betalt prisen.

Lat oss stå saman med dei som
vågar. ■



Den unge mora som
ville tena landet sitt som
barnelege, var bannlyst.



■ **Johannes Morken**
Redaktør



Der tru og kaffi får gro

Dei flytta frå forfølging langt nord og bygde opp eit nytt liv sør i Vietnam, der dei noko friare kunne leva ut trua.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN,
DET SENTRALE HØGLANDET, VIETNAM

■ **Vi står grytidleg** opp denne søndags morgon – gudstenesta vi skal nå, startar klokka halv åtte. Det bølgjande landskapet rundt oss her oppe i Det sentrale

Mellom kaffiåkrar står den store kyrkja i Quang Hoa.

høglandet, er grønt og frodig. Folket i landsbyen vi er på veg til på dette fjellplatået sør i Vietnam, er menneske frå det driftige hmong-folket som lever av jordbruk.

Di nærare vi kjem landsbyen Quang Hoa, di tettare blir det mellom åkrane med kaffiplanter. Inni alt det grøne ser vi frå lang avstand det aller største bygget: Ei ny, brun og vakker kyrkje av tre strekkjer seg mot himmelen.

Nybrotssamfunn

Dette er eit nybrotssamfunn, dei første innbyggjarane kom hit i 2003. Dei flytta frå fjell- og skogsområda nord i det langstrakte landet Vietnam. Presset mot menneske som braut med fedredyrking og

” Eg skreiv aldri under på at eg fornekta trua, men eg kjenner ein som var så redd at han gjorde det.

Sung

valde kristen tru, var sterkare i nord enn i sør. Dei som flytta, søkte eit liv med mindre press mot trua og det nye fellesskapet.

Det er ei følgje av Vietnams blodige historie. Landet som hadde vore delt i 20 år med eit kommunistisk og Sovjet-støtta regime i nord og eit vestvendt regime i sør, vart samla under kommunistisk styre då den blodige Vietnam-krigen tok slutt. Regimet i sør som hadde vore støtta av USA, kollapsa i april 1975 etter at USA hadde trekt ut styrkane to år før. Vietnam-krigen er ikkje noko ærerikt kapittel i amerikansk historie.

Dei første par tiåra slo regimet i det samla Vietnam hardt ned på alle uregistrerte kyrkjer. Etter at grepet i praksis vart letta litt, vart presset framleis hardast i nord. Der hadde det kommunistiske regimet styrt før samlinga og der var lokale styresmakter og politi, endå meir enn i sør, prega av dette styret. Med færre kristne i nord vart det også tøffare konflikter der, majoriteten ønskjer aldri at nokon bryt ut.

– I nord bur kristne også i meir avsidesliggjande område i skogs- og fjellområde. Dei oppfattar seg difor meir utsette enn folk i byar eller andre meir opne område i sør, seier pastor Steve, Stefanusalliansens partner.

Faren vart forfølgd

I landsbyen Quang Hoa tek pastor Sinh (36) varmt imot oss. Han fortel at far hans var diakon i landsbyen dei flytta frå i nordvest i Vietnam.

– Far min vart forsøkt tvinga til å fornekta den kristne trua. Det ville han ikkje, fortel Sinh.



Eit fargerikt fellesskap blant hmong-folket i Quang Hoa.

Sinh var ein ung gut den gongen. Foreldra tok til slutt han og dei andre borna med sørover for å letta presset og skaffa eit tryg-gare levebrød enn i ein landsby der familien vart mistrudd. Dei tok med barna og det dei kunne få med seg på ei bussreise eit par tusen kilometer til Det sentrale høglandet i sør. På dette fjellplatået bur mange minoritetsfolk. Men ingen frå hmong-folket heldt til her før det rundt årtusenskiftet kom busslaster med hmong-folk frå nord.

Dei første 12 familiane kom til Quang Hoa i 2003. Cha, som er assisterande pastor, fortel at oldefaren hans blei henta av politiet etter at dei aller første i landsbyen nordvest i Vietnam blei kristne.

Cha gler seg over at folket i Quang Hoa ikkje har opplevd arrestasjonar der. Spenningar og problem mot naboar er det, men livet som kristen i ein hmong-landsby er tryggare og betre enn det var då dei braut opp.

Bygde kyrkje straks

Dei som flytta sørover, fekk kjøpt tomtegrunn og åkerland av jordeigarar som hadde fått lita ut av eigedomane sine etter at krigen slutta. Dei nynnflytta bygde nye hus og gjekk straks i gang med også å reisa kyrkje, med økonomisk hjelp av pastor Steve som på desse tider også vart Stefanusalliansens partner.

” Far min vart forsøkt tvinga til å fornekta den kristne trua. Det ville han ikkje.

Sinh

Den gamle kyrkja i ubehandla treverk er i dag samlingsstad for unge. Den nye kyrkja med plass til over 500, vart teken i bruk i 2023 etter at pandemien forlenga byggeperioden. Landsbyen har kanskje den mest storslagne kyrkja i noko hmong-samfunn i Vietnam.

Over alterpartiet heng eit kors. Den einaste utsmykkinga elles er blomsterkransar i plast – dei held seg lenge.

Dyrkar kaffi

Vietnam er den nest største produsenten av kaffi i verda, og mykje vert dyrka her i Det sentrale høglandet. Utanfor kyrkjebygget står kaffiplantene på åkeren som kyrkja sjølv eig og hentar inntekter frå – vi kan nappa til oss grøne og raude kaffibønner. →



Som dei fleste andre familiar i landsbyen skaffar også pastor Sinh og kona levebrødet frå å dyrka kaffi – dei har fire barn. Kyrkja har ikkje pengar til å løna pastoren.

Pengane har gått til det store kyrkjebygget som husar alle – med eigne samlingar for kvinner, menn, barn og ungdom. Søndagane startar med barnesamling grytidleg. Etter fellesgudsteneste er det lunsj for alle – vi vert også trakterte på beste måte.

Å byggja opp ein heilt ny landsby var krevjande. Det fanst ikkje veg. Dei første åra måtte folk gå ti kilometer kvar veg for å kjøpa mat og finna ein marknad for det dei kunne selja frå skogen og åkrane. Livet vart lettare då landsbyen fekk veg i 2008. Skulevegen er 22 kilometer.

Vil tilbake som evangelist

Sung (51) har kone, seks barn og fire barnebarn. Han og kona og heile familien flytta sørover i år 2000 til ein annan landsby der nyreisinga var godt i gang. Hit til Quang Hoa søkte Sung fordi han ville lære meir om Bibelen. Han gjekk på bibelskule i Thailand og hjelper no med bibelundervisning.

Sung blei sjølv halden i arresten i fire dagar i år 2000 og fekk slått ut ei tann, fortel han. Ein månad etterpå sette heile familien seg på bussen og reiste sørover for godt.

– Eg skreiv aldri under på at eg forneakta trua. Men eg kjenner ein som var så redd at han gjorde det, fortel Sung. Dei første åra livnærte han seg med å samla bambus-stenglar som han kunne selja til dei som laga møblar. Livet vart lettare då han fekk avling av kaffiplantene.

– Når eg har fullført studiane, vil eg dra nordover igjen til området der eg kom frå for å forkynna evangeliet. Eg vil dra ein månad om gongen medan familien er her, seier han og legg til:

– Be for oss. Be om at eg får visdom når eg skal dela evangeliet med andre. ■

” Be om at eg får visdom
når eg skal dela evangeliet
med andre.

Sung



Pastor Sinh, her fotografert under ein konferanse ved Sør-Kina-havet, står i spissen for ei stor kyrkje heime i landsbyen på Det sentrale høglandet.



Trua gror: Ei ung mor med barn og bibel i kyrkja i Quang Hoa.

Frå hard forfølging til streng kontroll

Då Vietnam i 1975 vart samla under kommunistisk styre, fekk det følgjer også for kyrkjene:

Hard forfølging

Regimet slo dei første par tiåra hardt ned på ikkje minst uavhengige organisasjonar. Både kristne og buddhistar vart ramma.

Pastorar vart forfølgde. Ein av dei var pastor Steve, som i mange år har vore Stefanusalliansens partner. Han sat fengsla tre gonger, til saman sju år i fengsel mellom 1977 og 1992. Han hadde kall til å dela evangeliet med minoritetsfolka i eit samla Vietnam.

Opna grense

Etter at Vietnam vart samla, vart det råd å nå fram til dei mange minoritetsfolka i fjellområda i nordvest, som hmong-folket. Dei hadde vore heilt avskorne under krigar og delt land med stengt grense. Då Vietnam-krigen tok slutt i 1975, var det berre 2–3000 evangelikale kristne i nord. I dag er det minst 400 000.

Let kyrkjer leva

Vietnam ønskte etter kvart å vera del av eit globalt økonomisk system. Praktisk religionspolitikk endra seg difor også. Frå å ha hatt som strategi å vera heilt kvitt evangelikale kyrkjer, gjekk regimet gradvis over til heller å halda det uønskte under kontroll, innan strenge grenser.

Vietnams lover slår fast religionsfridom, men lova godtek inngrep når nasjonale tryggingssinteresser og sosiale omsyn krev det. Dersom lova vart strengt handheva, ville mange uregistrerte kyrkjer vorte stengde.

I praksis får mange uregistrerte kyrkjer leva, som kyrkja Stefanusalliansens partner leier.

- 
- **Vietnam**
 - Folketal: 100 millionar
 - Den katolske kyrkja: 8 millionar
 - Evangelikale kristne: 2,1 millionar
 - Kjelde: Reg Reimer, ekspert på evangelikal kristendom i Vietnam

Hard medfart

Kyrkjer og aktivistar som derimot ope kritiserer regimet med krav om rettar, får derimot hard medfart. Dei vert møtte med skuldingar om å undergrava nasjonal einskap. Fleire kristne som med fredelege middel har kjempa for rettar og demokrati, er blant dei fengsla.

Motstand

Men livet er ikkje uproblematisk for dei uregistrerte som får virka. Det blir mange stader sterke reaksjonar frå familiar og lokalsamfunn og tidvis politiet når dei første kjem til tru og bryt med fedredyrking, som er limet i landsbyen. Kristne er vorte jaga frå gard og grunn og er vorte henta til avhøyr, somme i fengsel, mange også med krav om å forneakta trua.

Liv i landsbyane

Men historiene er også svært mange om at livet går seg meir til når dei kristne vert fleire og byggjer nye fellesskap i lokalsamfunn. Konflikhtar blir forsøkt handterte under offentlig radar.

Som i kaffi-landsbyen Quang Hoa på Det sentrale høglendet.

DETTE VAR EN GANG EN KIRKE

Knuste og brente rester av en kirke er et av mange bevis på at det pågår et «folkemord i sakte film» mot kristne i jordbrukssamfunn i Nigeria, sier nigeriansk forsker.

TEKST: JOHANNES MORKEN. FOTO: STEVEN KEFAS

■ **Den samme grufulle** karakteristikken bruker Steven Kefas om terror mot det hovedsakelig muslimske hausa-folket.

Debatten gikk høyt i sosiale medier sist høst: Pågår det «folkemord mot kristne i Nigeria?» USAs president Donald Trump

Dette var en gang en kirke. Dette er brente og knuste rester etter et terrorangrep i Bokkos i Plateau-staten i Nigeria. Bildet er tatt 5. januar 2024. Foto: Steven Kefas



sendte bomber mot IS-baser. Magasinet Stefanus kan nå bringe oppdaterte fakta om terroren som ødelegger Afrikas mest folkerike land.

Et brutalt faktum

Små kristne jordbrukssamfunn i «midtbeltet» i Nigeria angripes av terrorgrupper som dreper, voldtar, kidnapper og setter fyr på hjem. «Midtbeltet» er delstatene mellom det muslimske nord og det kristne sør, med en større blanding av kristne og muslimske samfunn.

En fersk rapport dokumenterer tragediene som ødelegger Nigeria: De siste seks årene ble 42 000 sivile drept av ulike brutale terrorgrupper.

Klart flest kristne ofre

Det var mer enn dobbelt så mange kristne som muslimer blant dem som ble drept i terrorangrep.

Når vi regner etter folketallet i delstatene der terrorøden rammer, drepes det mer enn fire ganger så mange kristne som muslimer.

Det er Observatory for Religious Freedom in Africa (OFRA) som står bak en rapport med studier av dødelige terrorangrep fra oktober 2019 til september 2025.

– Men mye av denne terroren går under radaren, sier den kristne nigerianske forskeren Steven Kefas til Magasinet Stefanus.

Dreper flere enn IS og Boko Haram

Nigerias sikkerhetsstyrker bruker det meste av kreftene mot de islamistiske terrorgruppene Boko Haram og IS-avleggeren i Vest-Afrika (ISWAP). Disse herjer nord i Nigeria, og USA bombet i desember IS-baser helt i nordvest.

Ja, ISWAP og Boko Haram dreper. Men svært mange av de sivile ofrene for terror drepes av helt andre enn de kjente islamistiske terrorgruppene. Og vi finner svært mange av dødsofrene i «midtbeltet», ikke i nord der Nigerias sikkerhetsstyrker konfronterer og der Trump bombet.

Religiøs vold

Konfliktene i «midtbeltet» er ofte etniske. De handler også om blant annet kontroll over landområder: kristne jordbrukssamfunn mot ofte muslimske samfunn med kvegdrift. Fattigdom og klimaendringer gjør kampen om ressursene enda sterkere.

Men i økende grad er terroren også religiøst motivert. Muslimske militser fra gjeterfolket fulani har med tyngre våpen kunnet målrette angrepene mer og mer.

– Militser invaderer små kristne jordbrukssamfunn for å drepe, voldta, kidnappe og brenne hjem. Denne metoden er mindre spektakulær enn selvmordsbomber og store gisselaksjoner. Men den har vist seg å være langt mer effektiv for å nå det langsiktige målet om

Nigeria-terror

- 42 000 sivile ble drept i terrorangrep fra oktober 2019 til september 2025.
- Den religiøse identiteten var kjent for 33 500.
- Av disse var 22 800 kristne.
- 10 500 var muslimer.
- Kilde: Observatory for Religious Freedom in Africa (OFRA)

kontroll over territorier og endring av demografien i Nigeria, skriver Steven Kefas i en artikkel på OFRAS hjemmeside.

«Folkemord i sakte film»

Kefas sier til Magasinet Stefanus at «det pågår et folkemord i slow motion mot kristne i jordbrukssamfunn».

– Pogromer rammer det ene kristne jordbrukssamfunnet etter det andre i flere delstater. De første massakrene startet rundt 2001, omtrent samtidig med 11. september-angrepene mot USA, sier Kefas. Han legger til:

– Dette er godt koordinerte angrep. Det tok flere år for forskere å forstå hva som var i ferd med å skje.

Han påpeker at Fulani-militsene har forsvunnet fra internasjonale oversikter over terrororganisasjoner. Volden karakteriseres i stedet som etniske konflikter.

– Den mest omfattende terroren i Nigeria går derfor ofte under radaren, sier Kefas.

– Ekstremistiske fulani-militser har uten særlig motstand fra sikkerhetsstyrkene i Nigeria fått drepe, voldta, brenne og kidnappe i «midtbeltet», påpeker Kefas.

Dreper også muslimer

OFRA fant at islamistiske fulani-grupper stod for nesten fem ganger så mange drap på sivile som Boko Haram og ISWAP til sammen i den studerte perioden på seks år.

Men fulani-militsene angriper ikke bare kristne, de angriper også hausa-folket. Dette er en stor folkegruppe som holder til i en rekke land i Vest-Afrika. Den store hausa-majoriteten er muslimer.

– Begrepet «folkemord i slow motion» passer også på angrepene på hausa, selv om motivasjonen her er annerledes. Fulani og hausa har vært fanget i et nett av vold, som også kan beskrives som gjengjeldelser. Det viser forskning utført av anerkjente nigerianske forskere. Også hausa-kristne nordvest i Nigeria har lidd mye, sier Kefas. ■

BOR FREMDELES I TELT



Under presenninger lever de forfulgte familiene. Alle foto: Stefanusalliansens partner

De måtte se sine hjem bli ødelagt og brent. I dag bor fire kristne familier under teltduker.

TEKST: BIRGITTE MOE OLSEN

■ **Fire kristne familier** fra Salavan-provinsen i Laos ble kastet ut av landsbyen. 18 personer i et kristent husfelleskap var i oktober samlet til gudstjeneste da lokale myndigheter omringet boligen. Tjenestemennene avbrøt gudstjenesten. Familiene ble kastet ut av landsbyen.

Hjemmet ble knust og brent. Naboer som kom for å hjelpe med mat, ble stoppet. I dag bor familiene fremdeles i provisoriske telt utenfor landsbyen.

Informasjonen har Stefanusalliansen fra to uavhengige kilder: Den ene kilden er en aktivist som vi av sikkerhetsgrunner kaller «Ton». Den andre kilden er Stefanusalliansens partner. Han har møtt de forfulgte familiene og hjulpet dem etter at de ble jaget fra landsbyen og måtte ta seg over en elv og slå seg ned i skogen på den andre siden.

– På tross av alle vanskeligheter er de fast bestemt på å fortsette å tro på Jesus Kristus, de vil ikke fornekte Hans navn, sier Stefanusalliansens partner etter å ha møtt dem.

«Ulovlig forsamling»

Lederen i landsbyen anså det kristne husfelleskapet som ulovlig. Uregistrerte forsamlinger med flere enn fem personer kan bli slått ned på.



Slike saker skaper stor frykt blant dem som kjemper for frihet

«Ton», menneskerettsforsvarer i Laos

– Myndighetene er redde for uavhengige organisasjoner som kan true makten til kommunistpartiet, forklarer «Ton» til Magasinet Stefanus.

Sikkerhetsrisiko

På grunn av sikkerhetsrisikoen kan vi altså ikke bruke «Ton» sitt virkelige navn. Ton bistår religiøse grupper med juridisk opplæring og praktisk hjelp dersom de opplever overgrep fra myndighetene.

Men fordi han og kollegaenes egen sikkerhet står i fare, jobber de i skjul. Ingen informasjon om arbeidet kan offentliggjøres, heller ikke deles med egen familie. Derfor er møtet mellom «Ton» og Magasinet Stefanus en unik mulighet.

Anstrengt for kristne

Laotiske kristne utgjør om lag 2 prosent av en befolkning på 8 millioner. Situasjonen for dem er anstrengt. Laotiske myndigheter regulerer religionsutøvelse nøye.

Myndighetene er spesielt skeptiske til kristne grupper blant etniske minoriteter, som hmong-folket. Laotiske myndigheter anser kristendommen som en fremmed religion, og frykter at etniske minoriteter ikke innordner seg regimet.

– Laos går i fotsporene til Vietnam, også når det gjelder forfølgelse av minoriteter. Vi vet at laotiske myndigheter får opplæring i Vietnam, sier «Ton» oppgitt.

De uregistrerte gruppene, spesielt på landsbygda, er særlig utsatte. Kristne kan oppleve trakassering både fra lokale myndigheter og fra lokalbefolkningen. Pastorer og private hjem blir overvåket. Arrestasjoner og press for å gi avkall på troen forekommer.

Skaper frykt

Situasjonen har forbedret seg de siste tiårene. Stefanusalliansen er kjent med uregistrerte menigheter som klarer å operere både i Laos og Vietnam. De holder en lav offentlig profil mens de bygger det kristne fellesskapet.

Så kommer enkelthistorier som den om familiene som ble fordrevet – dette rammer ikke sjelden når de

første i en landsby kommer til kristen tro og samles til gudstjenester.

Men i tillegg kommer skrekkehistorier. «Ton» forteller om pastor Sy som var på vei til en pastorsamling i oktober 2022. Han var pastor i en av de tre registrerte kirkene i Laos. Han ble kidnappet og bortført. Liket ble tre dager senere funnet langs veien med merker etter tortur. I juli i år ble en annen pastor, Thongkham, skutt og drept i sitt eget hjem, meldte Radio Free Asia.

Forsvinner

De siste ti årene har flere kristne pastorer, menneskerettighetsforsvarere, journalister og opposisjonelle forsvunnet i Laos. Myndighetene slår hardt ned på dem som åpent kjemper for rettigheter.

– Slike saker skaper stor frykt blant dem som kjemper for frihet, mener «Ton».

Saken til pastor Sy ble spredt i sosiale medier, og «Ton» bistod familien med rettshjelp og praktisk bistand. Det bidro til at advokaten ble truet på livet, og politiet dukket opp på døra til de pårørende for å samle informasjon og konfiskere penger og telefoner.

– Det er så få internettbrukere i Laos at det er enkelt for myndighetene å finne ut av hvem som har publisert bilder og video på internett. De kan også overvåke pengeoverføringer fra utlandet. Politiet kan enkelt dukke opp på døra med trusler, sier «Ton».

Da er det kanskje ikke så rart hvor lite informasjon som kommer ut fra Laos. ■



Disse familiene måtte søke ly i en skog etter å ha blitt jaget på flukt.



Illustrasjonsfoto: Shutterstock

Som om
vi sat i lenkjer
saman med han

Orda i brevet til hebrearane kjem til meg: «Kom i hug dei som sit i fengsel, som om de sat i lenkjer saman med dei. Og tenk på dei som blir mishandla, som om det gjaldt dykkar eigen kropp.» Det er sterke uttrykk for fellesskap.

■ «Eg vil ikkje tilbake til Vietnam.» Det svarte den kristne vietnamesiske aktivisten Y Quynh Bdap (33) då eg i oktober fekk sendt spørsmål inn til han i eit fengsel i Bangkok i Thailand. Vietnam hadde kravd han utlevert. Med god grunn frykta Bdap tortur.

Flykta frå trussel om fengsel

Bdap flykta til Thailand i 2018, saman med kone og barn, for å unngå endå ein gong å verta fengsla for ikkje-valdeleg aktivisme for trusfridom og rettferd.

Sidan han var 16 år og skuleungdom har Bdap kjempa for trusfridom for minoritetsgrupper som vert kalla fjellfolka (montagnard) på Det sentrale høglandet sør i Vietnam. Frå eksil i Bangkok heldt han fram gjennom organisasjonen Montagnard Stand for Justice (MSJ), som dokumenterer brot på menneskerettar for fjellfolka.

Men i januar 2024 vart Bdap – in absentia – dømt til ti års fengsel for terrorisme, i ei masse-rettssak. Dei vart dømde for å ha vore med på ein væpna aksjon mot to politistasjonar i Vietnam i juni 2023, med ni drepne.

Montagnard Stand for Justice (MSJ) fordømte aksjonen. Men Bdap vart dømt likevel, utan prov. MSJ vart stempla som terrororganisasjon. Thailandsk politi fengsla Bdap i juni 2024 etter krav frå det brutale regimet i nabolandet.

Fare for tortur

Forsvararen hans, FN-ekspertar og Amnesty International sa tydeleg frå: Bdap risikerte tortur og mishandling. Men etter at ein thailandsk domstol nekta å godta argumenta, vart den modige aktivisten i ekspressfart utlevert i slutten av november i fjor.

Få veker tidlegare, i oktober, møtte eg i Bangkok kona hans og forsvararen hans og andre støttespelarar. Gjennom Bdaps ven Percy fekk eg sendt spørsmål inn til den fengsla aktivisten.

«Eg bed til Gud tre gonger om dagen. Eg bed om at venene mine i Vietnam skal sleppa å leva i frykt. Eg les

Bibelen frå perm til perm på nytt. Advokaten skaffa meg ein ekstra bibel. Då gav eg den Bibelen eg hadde frå før, til ein medfange,» fortalde Bdap.

Samanbrot

Percy som altså var mellommann for intervjuet, er sjølv ikkje-valdeleg aktivist for menneskerettar. Også han er flyktning frå Vietnam. Også organisasjonen han jobbar for, er stempla som «terroristar» av regimet i Vietnam. Også Percys familie er mange gonger blitt utsett for press i Vietnam.

Den dagen Y Quynh Bdap vart sendt tilbake, var Percy på konferanse i Indonesia, om trusfridom. Der fekk han vita at regimet i Vietnam også prøvde å spora opp han, med hjelp av mobilen til mora i Vietnam. Percy fekk eit samanbrot. Han flykta til Europa.

No kan vi i frykt prøva å ana kva Bdap, som med tvang vart sendt tilbake til Vietnam, har måtta gjennomgå i ei vietnamesisk fengselscelle. På nyåret dukka han opp på vietnamesisk fjernsyn med ei «tilståing» av valden i 2023. Men med det vi veit av kva harde metodar regimet i Vietnam brukar mot fangar og mot familieane deira, trur eg ikkje det minste på at «tilståinga» er ekte. Eg trur «tilståinga» skjedde under tvang.



Bibelen minner oss på at vi skal tenkja på dei som blir mishandla, som om det gjeld vår eigen kropp.

Bibelen minner oss på at vi ikkje skal gløyma fangar som Y Quynh Bdap. Ikkje skal vi gløyma familien hans heller.

Bibelen minner oss på at vi skal tenkja på dei som blir mishandla, som om det gjeld vår eigen kropp. Lat oss kjenna på den påminninga. ■

TEKST: JOHANNES MORKEN

*Den ikkje-valdelege aktivisten Y Quynh Bdap sit i eit vietnamesisk fengsel med ein svært alvorleg dom.
Foto: Privat*



Putin tolte ikkje bibelsitat

Svært få russarar vågar å protestera mot krigen, av frykt for bøter eller fengsel. Anna Chagina brukte nokre ord av Jesus i sin protest. Utsliten rømde ho til slutt frå landet.

INTERVJU: JOHANNES MORKEN.
FOTO: ANTON KHARIN (I TOMSK, RUSSLAND)
OG ALEXANDER GAIDALYM (VILNIUS, LITAUEN)



– Politiet arresterte oss etter prinsippet «den som har plakaten, tek vi». Rundt 30 vart arresterte. Alle var i sjokk over krigen, til og med politifolka.

Vladimir Putin bestemte seg for at all krigskritikk skulle kvelast med bøter og fengsel. Den 4. mars hadde han signert lova som forbyr «diskreditering av hæren» og andre endå strengare paragrafar.

Chagina slapp difor ikkje unna med ein «førebyggjande samtale». Ho fekk ei sviande bot, reiseforbod og ein periode med fotlenkje.

Ho anka. I august 2023 tapte Chagina ankesaka og fekk ei ny bot på 100 000 rublar, kring 13 000 kroner. Ho fekk forbod mot å publisera på internett i to år, men denne gongen ikkje reiseforbod.

■ **Sjokket var stort:** Den 24. februar 2022 gjekk Russland til invasjon av Ukraina i fullskala etter å ha annektert Krym i 2014 og i ti år brutalt kriga aust i landet.

Sjølv om heimbyen Tomsk langt aust i Sibir var langt unna fronten, kjende den kristne musikaren Anna Chagina det som om «krigen var komen heim til meg».

– Eg fekk ei kjensle av totalt samanbrot, ei kjensle av katastrofe, som om vi brått hadde vakna i eit hus som rasa saman, fortel ho i eit digitalt intervju med Magasinet Stefanus. Intervjuet skjer i skuggen av rakettar, dronar og brutal død.

Dottera arrestert

Fire år tilbake: Dei første dagane i februar 2022 gjekk fleire av venene hennar ut på gata i uorganisert protest mot krigen.

– Dottera mi vart arrestert. Men lova som forbyr «diskreditering av hæren» var enno ikkje vedteken. Ho vart sleppt fri etter tre timar, etter ein «førebyggjande» samtale, fortel Chagina frå Litauen.

Den 6. mars 2022, knapt to veker etter invasjonen i fullskala, blei Chagina sjølv med i ein organisert demonstrasjon. Kjenningar åtvare henne, dei frykta protest kunne kosta dei fridom og jobbar. Men Chagina ville protestera, også for å støtta dei som hadde våga.

– Eg måtte protestera mot den barbariske krigen. Eg heldt ikkje ut tanken på å sitja stille. Eg håpa at stemmene våre blei høyrde, at det enno ikkje var for seint.

Arrestert med ord frå Bergpreika

Ho bar ein plakaten med eit vers frå Bergpreika – verset om at dei som søker fred, er velsigna.

Risikerte fengsel

Eg hadde skrive om saka hennar fleire gonger. Men etter den endelege dommen fann eg ikkje spor etter Chagina, før ho på Facebook dukka opp i Litauen. I intervjuet vedgår Chagina at ho ved å anka, risikerte at straffa kunne bli strengare.

– Mange meinte det var vanvitig å anka sidan eg alt nesten hadde vorte sendt i fengsel, fortel ho.

Men då saka kom opp, innsåg Chagina at ho ikkje kunne ta risikoen på å bli kasta i fengsel.

– Dersom eg hamna i fengsel, ville all uro og smerte hamna på skuldrene til menneska som elsker meg, seier ho.

I Russland må fangar sjølve betala delar av utgiftene for fengselsopphaldet. Familie og vener ville i så fall over lang tid måtta samla inn pengar. Utgiftene til advokat og til to bøter var alt dekte av gåver – «gåvene er som tårer i hjarta mitt».

– I rettssalen bestemte eg meg difor for ikkje å vera helt. For å unngå fengsel kunne eg ikkje seia eit einaste ord om kva eg meiner om Putin og den illegitime makta hans. Det var audmjukande å måtta vega kvart ord, for ikkje å gje ammunisjon til dei som leita etter ammunisjon. →



Eg måtte protestera mot den barbariske krigen. Eg heldt ikkje ut tanken på å sitja stille.

Anna Chagina set
heile si lit til Kristus.



Levde i illusjon

Dei første vekene etter dommen levde Chagina i «illusjonen om at eg kunne klare å bli verande i Russland». Arbeidsgjevaren hadde heile tida teke risikoen og gitt henne arbeid og hadde ingen planar om å seia henne opp. Musikkstudentane sette pris på henne.

– Men overvakinga tok ikkje slutt. Spenninga vaks. Eg forstod at regimet ville dømme meg igjen straks dei fekk sjansen.

Chagina fekk tilfelle av panikkangst, og ho kjende på depresjon. I slutten av oktober 2023 orka ho ikkje meir og reiste til Litauen.

– Eitt og eit halvt år med etterforsking, konstant overvaking og rettssak sleit meg ut. Først no, så lenge etter, forstår eg kor svak eg var. Framleis er det vanskeleg å snakka om dette, vedgår Chagina.

I Litauen livnærer Chagina seg som vaskehjelp. Musikkkarrieren er sett nesten 20 år tilbake.

– At eg reiste, passas nok den russiske staten godt – med éin protesterande person mindre, konstaterer ho.

” Bøner (...) er like verkelege som frisk fjelluft eller varmen frå eit lys.



Eitt og eit halvt år (...) med konstant overvaking og rettssak sleit meg ut.

Chagina vedgår at det var vanskeleg å dra. Dei vaksne barna, mora og bestefaren vart verande.

– Barna mine var redde, dei klarte ikkje å ta eit så drastisk steg. Når WhatsApp- og Telegram-samtalar no er blokkerte, er det blitt vanskelegare å kommunisera.

– Så kvifor reiste du likevel?

– Reisa var uttrykk for maktesløyse og flukt. Eg kjenner at eg enno ikkje har fast grunn under føtene. Men eg har ikkje mista håpet om å få sjå familien igjen.

«Martyrar for betre framtid»

Chagina seier at ho ikkje orka å leva i «kompromiss med det så synleg vonde».

– Eg beundrar russiske vener som er mot krigen og som held fram å leva i eit land med ein så fiendtleg



Tomsk i Sibir, 6. mars 2022: Anna Chagina blir arrestert fordi ho hadde plakater med Jesu ord frå Bergpreika.



Vilnius, Litauen: Anna Chagina (t.h.) og ei veninne i protest.

ideologi. Mange kristne er tvinga til å balansera mellom evangeliet og eigen tryggleik. Eg er viss på at venene mine blir overvaka, men dei held fram, tru mot Kristus og evangeliet.

Chagina kallar dei få som framleis vågar å protestera mot krigen og mot Putins makt, «martyrar i kampen for ei betre framtid for Russland». Sjølv er ho ikkje optimistisk for sitt eige heimland.

I Litauen vart Chagina med på demonstrasjonar, mellom anna ved å gå til den russiske ambassaden med bilete av drepne ukrainske barn.

Chagina seier at ho slit med å vega orda når ho i Litauen «snakkar om pasifisme i eit land som må vere budd på å forsvare seg mot ein russisk angripark». Ho ser med sorg korleis krigens logikk om konflikt veks fram over alt.

«Bøner er verkelege»

– Kva tyder den kristne trua for deg?

– Kristus er Han som står att når eit menneske har mista alt. I dei mørkaste augneblinka i livet er Han usynleg nær. Gud har aldri forlate meg, heller ikkje i ein periode då eg forneakta Gud og sveik både trua mi og meg sjølv. Til slutt innsåg eg at det var ingen annan eg kunne setja mi lit til enn Kristus.

Chagina takkar alle som bad for henne.

” Mange kristne er tvinga til å balansera mellom evangeliet og eigen tryggleik.

Religiøs krigskritikk

- Fire russarar har vore fengsla etter dommar for religiøs krigskritikk.
- Pastor Nikolay Romanyuk ventar på å sona ein dom på fire år.
- Fleire andre er bøtelagde i kriminalsaker.
- Mange andre er administrativt bøtelagde.
- Minst 13 religiøse leiarar og aktivistar er sette på liste over «utanlandske agentar».
- Les meir på www.forum18.org

– De kan ikkje førestilla dykk kor mykje forbøn har å seia. Bøner kan kjennast fysisk; dei er like verkelege som frisk fjelluft eller varmen frå eit lys. Det gjekk ikkje ein einaste dag utan at eg las evangeliet og salmane. Det hadde eg ikkje gjort heile livet. Eg fekk styrke til å be for tilsynsførarane i fengselsvesenet, for aktorane, for vitna, for dommaren og for alle som kjempa for meg. Eg kjende at dette ikkje berre var personlege bønnebehov. Eg opplevde å ha fått ei oppgåve og at eg fekk kraft til å fullføra ho.

«Mista moralsk kompass»

Medan det pågår noko som vert kalla ein fredsprosess, går Putins brutale krig berre vidare. Ho håpar at Ukraina snart får ein rettferdig fred. Men ho er redd for at ein fredsavtale ikkje vil gje nokon garanti for fridom og velstand, verken for nabolanda eller for folk i Russland.

– Gjennom den imperialistiske historia si har Russland samla mange sår og indre motsetnader, seier Chagina. Mange har mista sine kjære, fridommen sin og eigedom.

– Andre har mista samvitet og den moralske rettessnora. I tiår har bødlane og offera deira vore tause. Krigen i Ukraina og det grufulle regimet til Putin er ein direkte konsekvens. Når rusen frå propagandaen går over, vil Russland igjen stå framfor eit val: vedgå sine feil og angra, eller gå til grunne.

Ho held fram:

– Røyndomen er nådelaus. Det finst ting som ikkje kan reparerast. Vi kan ikkje få attende dei som er drepne, den tida som er spilt, dei liva som er øydelagde. Berre Guds nåde kan lækja denne djupaste smerta. Og her ligg den vanskelegaste oppgåva for kvart menneske: sann fred er umogleg utan radikal tilgjeving. Om minst éin i ein konflikt søker radikal tilgjeving, finst det håp om sann fred. Dette er den typen tilgjeving som Jesus gjev oss. ■

‘Det einaste håpet vi har’



Stephan Masih (i midten), broren Francis (t.h.) og nevøen Hamraz (t.v.) lever livet på 20 kvadratmeter som flyktningar ingen vil ha. Av tryggingshensyn sidan dei er rettslause i Thailand, har vi løynt andleta deira.

I over tre år sat bipolare Stephan Masih i pakistansk fengsel på grunnlause skuldingar om blasfemi. Like lenge har han vore på flukt.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, BANGKOK, THAILAND

■ – **Vi flykta for** å berga livet, fortel broren Francis (50). Magasinet Stefanus møter delar av ein skadeskoten familie som papirlause flyktningar i Thailands hovudstad.

Stephan, Francis og to søner av Francis deler eit rom med ei seng, ein madrass, eit kjøleskåp, nokre kasserollar og kannar med vatn og litt mat.

Fram til sist haust måtte Hamraz (22) og Daud (18) sova rett på flisgolvet. Sist haust skaffa huseigaren dei to ein madrass.

Dei kom til Thailand på turistvisum. Etter at dei 60 dagane var gått, har dei ikkje hatt gyldige papir. Stephan held senga det meste av tida, svekka av sjukdom, traume og

medisinar. Dei einaste gongane den psykisk sjuke er ute av rommet, er når han reiser til det einaste Bangkok-sjukehuset som behandlar papirlause.

«Vi er redde»

Rådet frå legen om at han må ut i frisk luft og sosial aktivitet, i eit trygt miljø, vågar dei ikkje å følgja.

– Vi er redde. Stadig høyrer vi om flyktningar som blir arresterte og sende til immigrasjonssenter. Stephan spør om han framleis er i fengsel, fortel Hamraz.

Nokre av offera for den pakistanske blasfemilova er psykisk sjuke som risikerer å bli drepne.

Tidleg i 2019 bad Francis muslimske naboar halda seg unna huset deira. Naboane hadde lenge gått opp på Masih-familiens hustak for å fly duer, og dei tok andre med.

– Dei bråka og forstyrra oss. Eg bad dei fleire gonger om å slutta. Naboen vart sint og spurde kvifor ein kristen våga å klaga.

Samla valdeleg mobb

Naboen samla ein mobb som banka opp Stephan fordi dei påstod at han hadde fornærma profeten Muhammed ein dag Stephan arbeidde i hagen. Dei ropte at «døden er straffa for blasfemi». Dei sette fyr på huset.

Broren Francis var borte på arbeid. Sønene hans var på skulen. Kona til Francis, mora og søstrene til Francis og Stephan sprang for livet. Politiet fengsla Stephan og let mobben gå. Han blødde frå nase og hovud og høyrer svært dårleg på eitt øyra.

– Eg vart slått av andre fangar då dei fekk vita kvifor eg var der, seier Stephan sjølv som akkurat då Magasinet Stefanus er på besøk, er vaken nok til å seia noko om saka si.

I halvannen månad etter angrepet visste familien ikkje kvar den arresterte var. Ein kristen organisasjon skaffa advokat. Då fekk familien vita kvar Stephan var fengsla. Advokaten kravde at Stephans helse vart undersøkt.

Ekstremisttrusselen stod fast

Psykiatrar konkluderte etter 12 månader at mannen er bipolar. Etter 3,5 år i fengsel – utan dom – slapp Stephan ut mot kausjon som broren garanterte for. Stephans liv var truga i fengselet.



Det einaste håpet vi har, kan vera at du fortel historia vår.

Francis Masih

– Muslimske ekstremistar sa at sjølv om dommaren hadde sett Stephan fri, stod deira eigen dødsdom fast. Advokaten rådde oss til å ta Stephan ut av landet, fortel Francis.

Sønene lærer faren engelsk slik at han kanskje kan ta arbeid. Dei unge får av og til arbeida på ein restaurant som hyrer flyktningar. Hamraz ønskjer å bli lege. Det er heilt i det blå.

– Vi overlever på ei eske mat frå ei kyrkje. Vi får den ein gong i månaden, men den varer berre i to veker.

Ein kyrkjeleg organisasjon gjev dei tilsvarende kring 1250 kroner i månaden, dei slit med å dekkja det mest naudsynte.

«Vi er desperate»

Dei hadde ikkje nok pengar til at heile familien kunne flykta. Kona til Francis, dottera på 21 og den yngste sonen på 16 gøymer seg i Pakistan.

– Dottera mi spør om vi møtest igjen. Kona har fått høgt blodtrykk, seier Francis. Han gøymer eit tårevått andlet i hendene.

– Vi er urolege for familien kvar einaste dag, seier Francis.

– Eg orkar ikkje vera her meir i dette rommet, seier Stephan Masih.

Dei har flykta frå livsfare og er flyktningar ingen vil ta imot.

– Eg ber alle kristne og alle som bryr seg om menneskerettar, om å hjelpa oss. Vi treng desperat eit trygt land å reisa til, der vi kan byggja opp nye liv og der Stephan kan få medisinsk hjelp. Det einaste håpet vi har, kan vera at du fortel historia vår, seier Francis. ■

Ny økonomiansvarlig på plass

Reza Abootorabi (45) er ny økonomiansvarlig i Stefanusalliansen. Han var på plass fra starten av januar. Han går inn i ledergruppen og overtar etter økonomi- og administrasjonssjef Torgeir Nevland.

Abootorabi er halvt persisk og halvt norsk. Hans far flyttet fra Iran på 60-tallet for å studere i England. Der møtte han en norsk kvinne som ble hans kone og Rezas mor.

Reza vokste opp i Stavanger. Han har bodd i Norge det meste av livet, bortsett fra 7-8 år i England der han også studerte økonomi. I hele sin yrkesaktive karriere har han arbeidet i næringslivet.

Reza er pinsevenn som også har gått i andre menigheter. Han har brukt mye tid i menighetsliv.

– Jeg har fulgt Stefanusalliansen tett i mange år som giver og fått informasjon og bønnebrev. Da jeg i høst ønsket å finne ny jobb, ville jeg samtidig se om jeg kunne finne en jobb i det kirkelige landskap, med en ny retning på yrkeskarrieren. Akkurat da dukket denne stillingen i Stefanusalliansen opp, i en organisasjon jeg altså kjente, med et spennende og givende arbeid. Da falt mange brikker på plass.

Rezas første reise blir til Kenya der han skal møte Procmura, en kristen organisasjon som arbeider for at kristne og muslimer skal kunne leve sammen i land med konflikter.

– Jeg gleder meg til å besøke dem for å forstå mer av arbeidet og hvordan en organisasjon følger opp krav til forvaltning av midler. Det er viktig å vise ansikt og vise dem av at vi bryr oss ved å besøke dem, sier Reza.

Torgeir Nevland fortsetter som seniorrådgiver i 60 prosent for blant annet å følge opp økonomien for et sekretariat for et internasjonalt nettverk av parlamentarikere for trosfrihet, som nå er plassert hos Stefanusalliansen.



Reza Abootorabi – ny økonomiansvarlig i Stefanusalliansen.

Foto: Ranveig Nordgaard/
Stefanusalliansen

Sterk vekst i gaver i 2025

Ordinære gaver til Stefanusalliansen økte i fjor med 2,6 millioner, en vekst på 7,4 prosent.

Det kom inn 37,6 millioner i ordinære gaver – opp fra 35 året før, en halv million over årsbudsjettet. Rett i underkant av 4,9 millioner av gavene kom fra grupper eller menigheter, en sterk vekst på 10 prosent.

Stefanusalliansen satser digitalt, men holder trykket også oppe på papir. Både digitale gaver og gaver gitt etter postsendte invitasjoner (DM) økte med en million hver.

Testamentariske gaver, som kommer i tillegg til ordinære gaver, økte fra 0,3 million til 1,9 million kroner.

– Vi i Stefanusalliansen er utrolig glade for hver enkeltgiver, menighet og gruppe som har bidratt til denne veksten. Dette er ikke noe vi tar som en selvfølge, sier Marianne Haugerud, leder for kommunikasjon og nettverk.



Marianne Haugerud takker støttespillere for misjon og trosfrihet.

Foto: Stefanusalliansen

Kvinner ber for kvinner i Nigeria

Fredag 6. mars er det «Kvinnenenes internasjonale bønnedag» med blikket rettet mot Nigeria.

– Kristne kvinner over hele verden ber for hverandre og for verden om fred, på tvers av landegrenser, kirkesamfunn, språk og kulturelle skiller. Vi lider med hverandre, og vi ber for hverandre, sier Inger Marie A. Oppegård, leder av den norske komiteen.

Hun sier at kvinnene øst i Stillehavet og Asia starter bønnedagen før vi er stått opp. Så går en bølge av bønn over hele jorden og avsluttes i Sør-Amerika etter at vi har lagt oss.

Bønnedagen arrangeres i ca. 120 land. I Norge har bønnedagen vært arrangert i ca. 100 år, og nå i år på cirka 100 steder. Den tverrkirkelige komiteen er opprettet i samarbeid med Norges Kristne Råd.

Hvert år har et nytt land ansvar for temaet. I år blir det fokus på Nigeria.

– I år er det kvinner i Nigeria som løfter opp kvinners situasjon og situasjonen for kristne som blir forfulgt i landet. Vi i Norge ønsket derfor å samarbeide med organisasjoner som har arbeid i Nigeria og blant

forfulgte kristne. Derfor tok vi kontakt med Åpne Dører og Stefanusalliansen, sier Oppegård.

Årets tema er: «Jeg vil gi dere hvile, kom», hentet fra Matteus 11,28.

De som ønsker å være med, kan søke opp Kvinnes Internasjonale Bønnedag på Facebook, der mange lokale arrangementer legges ut. Eller en kan sjekke med sitt kirkesamfunn. De kan også gå til nettsiden til Norges Kristne Råd.



6. mars samles kvinner fra hele verden i bønn for Nigeria.

Nettverk for trosfrihet i Sørøst-Asia

Siden 2018 har Stefanusalliansen vært en aktiv bidragsyter til Southeast Asia Freedom of Religion or Belief (SEAFORB). Den 27. og 28. november i fjor ble SEAFORB-konferansen arrangert for niende gang – i Jakarta, Indonesia.

Konferansen tok for seg trosfrihetssituasjonen i de ulike landene. Blant temaene var situasjonen for flyktninger, blasfemilover og hvordan religiøse minoriteter diskrimineres gjennom ID-kort. Utfordringene ble analysert, og det ble laget strategier for politisk påvirkning og endring.

Helt siden starten i 2017 har nettverket vært en viktig arena for å styrke kapasiteten til menneskerettighetsforvarere. Her bygges allianser. Nettverket er drevet av sivilsamfunnet, men har god kontakt med myndigheter.

Frem til 2023 koordinerte Stefanusalliansen styringsgruppen. Ansvaret ligger i dag hos Asia Centre i Bangkok i Thailand.



I Jakarta møttes forkjempere for trosfrihet i Sørøst-Asia.

Foto: SEAFORB

Stappfullt i Mandal

Forsamlingssalen ved Kirkesenteret (Mandals gamle kino) var stappfull under gudstjenesten på Hellige tre kongers dag 4. januar. Hver eneste av de 170 stolene ble brukt. Noen sto eller satt i trappa. Prest og salmedikter Eyvind Skeie prekte og fikk god respons fra barn og voksne.

Etter lunsj holdt Skeie foredrag om Egypt. Han fortalte historien om de koptiske kristne og formidlet inspirerende tanker fra Mama Maggie og biskop Thomas.

– Flere takket fordi jeg holdt et saklig foredrag med kunnskap. Her har Stefanusalliansen et godt fortrinn, som det kjennes bra å representere, forteller Skeie.

Mandal menighet har i mange år støttet Stefanusbarna som Mama Maggie grunnla og leder for barn i Kairos «søppelby» og i landsbyer sør i Egypt.

Det kom inn i overkant av 46 000 kroner. Stefanusalliansen takker for engasjementet og gavene.



I Mandal samlet Eyvind Skeie fullt hus.

Foto: Ella Hageberg Wold

Menigheter kan støtte kristne i Iran

Det iranske regimets drap av tusenvis av demonstranter gjør Stefanusalliansens menighetsprosjekt for Iran enda mer aktuelt. Også kristne er blant de drept.

Menigheter som vil støtte kristne i Iran, vil hjelpe våre solide partnere Pars Theological Centre og Article18. Den første gir teologisk utdanning, lederopplæring og rådgivning til kristne ledere i Iran. Den andre er en menneskerettsorganisasjon som dokumenterer brudd på trosfriheten og driver politisk påvirkning.

– Et menighetsprosjekt for Iran løfter frem situasjonen for sterkt forfulgte kristne, med overvåkning, arrestasjoner og fengsling, sier kommunikasjonsrådgiver Christine Gripsgård Lunga.

Vårt opplegg for å gjennomføre «hemmelig gudstjeneste» er inspirert av ikke minst de forbudte undergrunnskirkene i Iran.

Norske menigheter vil få oppdatert informasjon, bønnekort og tilgang på en mengde historier.

– Midt i den dramatiske situasjonen i Iran nå, vil vi gjerne inspirere menigheter til bønn for Iran og støtte til kristne i Iran, sier Gripsgård Lunga.

Ta kontakt: cgl@stefanus.no

De gir barn et verdig liv

Endelig fikk jeg besøke Stefanusbarna. De har stort behov for legetjenester.

TEKST: ELISABETH AUKRUST, KAIRO, EGYPT

■ **Jeg er allmennlege** og fastlege, og har i tillegg jobbet med flyktninger og asylsøkere i Norge. Jeg har også vært i flere land – som India, Mosambik, Uganda og Libanon – og gitt undervisning om helse, som hygiene, diaré og dehydrering, ernæring, sårstell, brannskader, kvinnesykdommer og psykisk helse/traumer, i tillegg til behandling av pasienter.

Jeg har støttet arbeidet til Stefanusalliansen siden jeg var tenåring, og har i flere år ønsket å besøke arbeidet til Mama Maggie og Stefanusbarna i Kairos slumområder.

Jesu eksempel

I oktober 2025 fikk jeg muligheten til å være der i to dager. Det var fantastisk å se «Community-senteret» i «søppelbyen» Mocattam, hvor svært fattige, kristne familier arbeider med søppeltømming og sortering. Her bor de, og her skaffer de seg sitt levebrød av andres søppel.

Her får disse familiene, spesielt barna, hjelp, fellesskap, undervisning, mat og kjærlighet. Både besøkende og barna møtes med fotvask etter Jesu eksempel – for å gi verdighet og omsorg, men også for å kunne oppdage og behandle fotsår og dele ut beskyttende sandaler til barna.

Behandler pasienter

Jeg fikk dele ut mat til barna og behandle en del pasienter, spesielt mødre med barn, både på senteret og på det lille sykehuset som de bygger opp i et slumområde.

På sykehuset har de foreløpig hovedsakelig polikliniske pasienter som får gratis behandling. De har rom for tannlege, øre-nese-hals-lege, gynekolog og



Jeg fikk dele ut mat til barna og behandle en del pasienter.

Elisabeth Aukrust, lege



Lege Elisabeth Aukrust undersøkte pasienter, deltok i fotvask og delte ut mat.

Foto: Stefanusbarna, Kairo



hjertespesialist, som bemannes av frivillige i perioder. De kan også ta enkle blodprøver.

Det er stort behov for allmennlegetjenester. De håper å kunne åpne sengeposter også, men mangler foreløpig godkjenning fra myndighetene.

Gir verdighet

Det var fint å treffe Mama Maggies medarbeidere Maha, Emad og Rania. De og alle andre medarbeidere gir hjelp og verdighet til de fattige og utstøtte kristne i «søppelbyen», andre slumområder i Kairo og i landsbyer sør i Egypt, og viser dem Guds kjærlighet i praksis. ■

«Vi var utrolig heldige»

Stefanusbarna forteller om besøket til Aukrust: «Vi var utrolig heldige som fikk ha dr. Elisabeth på St. Mary's Medical Center. Hennes dedikasjon skinte gjennom da hun utførte pasientundersøkelser og ga uvurderlig støtte. Dr. Elisabeth besøkte også vårt Community Education Center. Hennes innsikt og lidenskap for å løfte de fattigste barna i Egypt samsvarer perfekt med vårt oppdrag, hvor vi arbeider for å bryte fattigdomssyklusen gjennom utdanning og muligheter.»

De som er forfulgt for sin tro, trenger at **vi ser!**



Få siste nytt fra kampen for trosfrihet i verden, det viktigste fra nyhetsbildet og Stefanusalliansens partnere rett i din e-postkasse. Meld deg på webadressen: kampanje.stefanus.no/brev-for-trosfrihet/ eller skann over QR-koden med mobilkameraet ditt og registrer deg på nettsiden. Du vil motta nyhetsbrevet ca. hver 14. dag. Abonnementet er **GRATIS**, og du kan når som helst melde deg av. **Takk for at du bryr deg om de forfulgte!**



Gutter og jenter, unge og voksne får en ny sjanse på Anafora.

Biskop Thomas' Anafora:

Der **kjærligheten overvinner** urettferdigheten

Siden muslimske arabere erobret det bysantiske Egypt i år 642, har den koptiske befolkningen i Egypt sakte blitt fortrent. De utgjør i dag 10 % av befolkningen og er en minoritet i sitt historiske kjerneområde. Som i resten av Midtøsten, er ekstremistisk ideologi og IS en konstant trussel, med terroraksjoner som konsekvens, slik vi så senest i 2010, 2016 og 2017. Mange koptere som har ressurser og utdanning velger å emigrere for et tryggere liv i utlandet. **De fattigste kopterne blir igjen.**

Stefanusalliansens partner, biskop Thomas, har et sterkt budskap til sine egne:

«Ikke generaliser. Vær rettferdige. Vi kan ikke anklage våre muslimske naboer for ekstremistenes handlinger. Som kristne ser vi hele menneskeheten som omsluttet av Guds kjærlighetssirkel. Vi må elske alle. Kjærlighet og tilgivelse skaper fred, og frykten forsvinner. Men kjærligheten er sterk og krever rettferdighet. Vi elsker og tilgir – men vi ber om rettferdighet.»

Biskop Thomas forteller at han er kalt til å være «*hånden som løfter opp*». For å hjelpe noen nedenfra, må hjelperen først knele selv. Slik møtes de fattigste på Anafora. Med dyp overbevisning ser biskop Thomas at nøkkelen til kopternes stolthet og framtid ligger i troen på Jesus Kristus og den kristne arven med røtter helt tilbake til 300-tallet. Anafora er et moderne kloster, men også et kraftsenter for rettferdighet, diakoni og koptisk spiritualitet i ørkenen. Her får tusenvis av koptere – barn, ungdom, kvinner og menn – en ny sjanse, konkret hjelp og nytt håp!

Vil du **løfte opp** en koptisk bror eller søster med en gave?

til det er trygt å tro

Marianne Haugerud

Marianne Haugerud
Stefanusalliansen

Overskytende midler vil gå til arbeidet for de forfulgte i Midtøsten. Ved å gi en gave godtar du Stefanusalliansens personvernerklæring: stefanus.no/gi-gave/personvern/
Kilde sitat: ReligionUnplugged.

Gaveeksempel:

Gi en fattig koptisk mann en dag med yrkesopplæring:

265,-

Gaveeksempel:

Hjelp en koptisk 12-åring ut av barnearbeid og tilbake til skolebenken:

540,-

Gaveeksempel:

Redd en koptisk ung kvinne fra isolasjon og undertrykkelse. Gi arbeidstrening:

1125,-

Gaveeksempel:

Redd en koptisk ung kvinne fra isolasjon og undertrykkelse. Gi utdanning:

3375,-

v:pps

til **19013**
- merk med:

Løft



Alle gavestørrelser er velkomne!